



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 28. november 2019
Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje: kyrkja@fitjar.kommune.no eller 901 97 069.

Jostein Skram møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Sigrid Marie Fangel	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Svein Lunde	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Marie Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 20.11.2019

Sigrid Marie Fangel
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

Sak	Tittel	Sak for kommunal repr.
S-50/19	Referat frå sist møte	x
S-51/19	Utlysing av kontormedarbeidarstilling	x
S-52/19	Gudstenesteliste for første halvår 2020	
S-53/19	Offerliste for første halvår 2020	
S-54/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-55/19	Meldingssaker	
S-56/19	Open post	

Sak 50/19 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 05. november 2019 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 05. november 2019.

Sak 51/19 Utlysing av kontormedarbeidarstilling

Fitjar sokneråd har i sak 44/19 gjort fylgjande vedtak:

«Det nye soknerådet må så snart som mogeleg få utlyst ei 40% stilling til administrasjon med tilsetjing frå 01.01.2020.» Bakgrunnen for saken er også gjort rede for i budsjettbrevet for 2020 (Avsnittet om administrasjon er lagt ved møteinnkallinga).

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter kontormedarbeidar i 40% fast stilling. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing.

Sak 52/19 Gudstenesteliste for første halvår 2020

Soknepresten har utarbeidd gudstenesteliste for første halvår 2020. Nærare informasjon om gudstenestene som er planlagde vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene første halvår 2020 slik den ligg føre.

Sak 53/19 Offerliste for første halvår 2020

Soknepresten har sett opp offerliste for første halvår 2020. Nærare informasjon vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til offerlista for første halvår 2020 slik den ligg føre. Ordninga med at 10 % av offeret til utanforståande organisasjonar går til lokalt kyrkjelydsarbeid, held fram.

Sak 54/19 Arrangement i kyrkja

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering. Framfor oss ligg det julekonsertar, barnehage- og skulegudstenester, julegudstenester m.m. Soknerådet bør sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 55/19 Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Budsjett for 2020 – saksdokument ligg på heimesidene til Fitjar kommune (Budsjett 2020)
2. Møteplan for sokneråd – våren 2020 – supplert med saker som fylgjer årshjul:

Dag	Årshjul
Torsdag 23.01.2020	Godkjenning av budsjett 2020
Torsdag 20.02.2020	Årsmelding og førebuing årsmøte
Torsdag 19.03.2020	Førebuing kyrkjelydsfest
Torsdag 23.04.2020	
Torsdag 04.06.2020	Gudstenesteliste og offerliste hausten 2020
Tidleg vår?	Strategi-samling

3. Datoen for kyrkjelyden sitt årsmøte blir søndag 08.03.2020 etter gudstenesta
4. Datoen for kyrkjelydsfesten blir søndag 29.03.2020 kl.16.00

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 56/19 Open post

VEDLEGG TIL S-54/19 - - FRÅ BUDSJETTBRUVET TIL FITJAR KOMMUNE – NOVEMBER 2019:

Tilsette i kyrkja

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2018 og 2019, og kva stillingar me treng å ha i 2020.

Stilling	2020	2019	2018	Merknad
Kyrkjeverje	0,35	0,50	0,50	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest				Vakanse i 2018
Trusoplærar	0,80	0,80	0,20	Vakanse i 2018
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	
Kyrkjetenar/reinhalдар	0,20	0,20	0,20	
Administrativ ressurs for prestenesta og kyrkjekontoret	0,40	0,20	0,20	Delvis vakanse i 2019
Sum	2,90	2,85	2,25	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

Administrasjon

I avdelinga for administrasjon er det lagt inn ynskje om å styrka kyrkjekontoret når det gjeld administrative ressursar. I dag er den halve stillinga som kyrkjeverje einaste administrative ressursen på kontoret.

Kyrkjekontoret har ansvar for mange forvaltningsmessige oppgåver der ein kan nemna:

- Økonomiforvaltning med budsjett, rekneskap, fakturering og betalingsoppfølging.
- Saksførebuing til soknerådsmøte og oppfølginga av saker.
- Informasjonsarbeid med heimeside og ei rekkje andre IT-løysingar som må til for å halda aktivitetar i gang.
- Personalforvaltning med tilsetjingsprosessar, vikariat, arbeidsavtalar, timelister, løn m.m..
- Drift og vedlikehald av kyrkjebygget.
- Gravferdsregister og festeavgifter for om lag 2500 graver.
- Planlegging og leiging av investeringsprosjekt.
- Organisering av gravferder og andre hendingar i kyrkja.
- Medlemsregister og soknerådval.
- Rapportering til ulike offentlege etatar.

Kyrkjekontoret har krav på seg etter offentleglova og forvaltningslova å ha godkjent postjournal og arkiv. Med dei administrative ressursane ein hittil har hatt til rådvelde, har det vore uråd å imøtekomma desse krava.

Soknepresten har det formelle ansvaret for ei rekkje administrative gjeremål. Presten i Fitjar får lite hjelp til å ivareta dette kontorarbeidet i forhold til prestar i andre kommunar. Når me sidan 2018 berre har hatt ein prest, er behovet for hjelp til det administrative arbeidet vorte større. Soknerådet vil at soknepresten skal bruka mest muleg av arbeidstida si på å vera prest, og ikkje kontorarbeidar. Soknerådet har difor hatt eit ynskje om å styrka det administrative arbeidet i kyrkja til tilsaman 75%. Ei auke til 70% vart alt lagt inn i budsjettet for 2019. Den auka ressursen blir fordelt mellom kyrkja / prestetenesta og kyrkjekontoret (administrasjon). I diagrammet nedanfor kjem det fram kor mykje ressursar det er sett av til administrasjon på ulike kyrkjekontor i distriktet rundt oss. Tala vart henta inn i 2017.

